

# Uttale - utbygging av fiberbreiband

Vi er kjende med at mange bustader og næringsområder i kommunen ynskjer eit betre breibandstilbod. Vi vil difor søkje tilskot til utbygging av fiberbasert breiband i kommunen.

Publisert 05. mai 2014 av [Ole Jakob Aarland](#)



Lindås kommune arbeider for at innbyggjarane skal ha eit godt og stabilt tilbod om digital kommunikasjon. Både offentleg og privat tenestetilbod tek utgangspunkt i at innbyggjarane har tilstrekkeleg tilgang til Internett. Digital kommunikasjon er og krevjande for velferdsteknologi.

Det er ikkje realistisk med full dekning i denne omgang, og det må derfor bli gjort ein prioritering. Aksane/områda det er tankar om å prioritere er:

1. Seim (tettstaden + fyste del av vegen nordover langs 403 og 402 – begge sider av Seimsfjorden)
2. Ostereidet og sør/vestover fordelt på dei ulike tettstadane langs E39
3. Myking

Det er viktig med innspel til dei nemnde aksane/områda – både med tanke på endra prioritering, men ikkje minst for å få eit enda betre bilete av ynskje om fiberbreiband. Vi oppfordrar verksemder og innbyggjarar til å levera uttale/innspel innan 5. juni 2014 via e-post til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller brev til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø merkast "Høyringsuttale fiberbreiband utbygging".